



HØGSKULEN I VOLDA

Høgskulen i Volda

KD

11 JAN. 2011

2010 05135 - 107

| Boks 500 | 6101 Volda | Norway | T: 70 07 50 00 | F: 70 07 50 51 |

| E: postmottak@hivolda.no | www.hivolda.no |

Det kongelige kunnskapsdepartement

Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Vår dato: 10.01.2011

Vår ref.: 2006/265

Dykkar dato: 20.10.2010

Dykkar ref.: 201005135-/SRM

Sakshandsamar :JK

Høyring - forslag til endringar i opplæringslov og privatskolelov - Kompetanseregler m.m.

Vi viser til høyringsbrev av 201010 om framlegg til endringar i opplæringslova og kompetanseregler. Høgskulen i Volda støttar framlegget om å lovfeste krav om relevant kompetanse for å undervise. Vi meiner det er prinsipielt rett å knyte kompetansekravet direkte til undervisninga, ikkje berre til tilsettinga.

Høgskulen i Volda meiner prinsipielt at kompetansekravet må innførast på alle trinn og i alle fag. Det blir feil at slike kompetansekrav berre blir stilt i nokre fag og ikkje i andre. Dersom det ikkje blir stilt krav i nokre fag, vil desse lett kunne bli oppfatta som mindreverdige eller lågstatusfag. Målet må vere at elevane er sikra lærarar med best mogeleg kompetanse i alle fag. Vi er klar over at slike krav ikkje kan innførast "over natta", og at det må lagast overgangsordningar som er tilpassa den røyndomen som er i skulane i dag. Men overgangsperioden må ikkje vere for lang og lista må ikkje leggjast for lågt når det gjeld unntak. Det er viktig å halde oppe eit godt trykk slik at både skuleeigarar og den einskilde lærar skal ha incentiv for å skaffe seg den nødvendige kompetansen.

Vi er kjend med NRLU si høyringsfråsegn og sluttar oss til dei synspunkta som kjem fram der.

Med helsing

Jacob Kjøde jr.
Høgskuledirektør

Jørgen Amdam
Rektor

Sign.